

Nytt bygg og ny minibank

KNARVIK: DNB Nor har samla alle tenestene sine i heilt nye kontorfasilitetar like ved Safari-bygget i Knarvik. Med ny minibank og nattsafe på utsida av lokala er tilboda til kundane no endå betre. under opningsfesten førre veke varta banken også opp med gåvedryss.

DNB Nor med opningsfest og gåvedryss

ENDRE HOPLAND
endre@nordhordland.no

- Vi er veldig stolt av dei nye lokala, og ønskjer å retta ein stor takk til huseigar og dei som har stått for sjølve bygginga. Dette vert eit føregangskontor for resten av landet, seier regiondirektør i DNB Nor, Kathrine Trovik, før ho klypper den raude snora og opnar nybygget offisielt.

DNB Nor har lenge lagt litt knotete til i Knarvik, og det faktum at banken sine kundar ikkje har kunne bruka minibanken og nattsafen etter Knarvik senter sine opningstider har ikkje akkurat vore nokon fordel. No vert ståa ei ganske annan. Med 325 kvadratmeter med kontorflate i andre etasje ved sidan av Safari, og nattsafe og minibank ute ved sidan av søndagsopne Zappa, er dei viktigaste banktenestene tilgjengeleg heile døgnet.

- Mest moderne i landet

- No har vi kontorfasilitetar til det aller meste, og alt er heilt nytt. Per dags dato er dette det mest moderne DNB Nor-bygget i landet. Med godt over 300 kvadrat flate har vi også plass til fleire tilsette om det vert aktuelt å utvida, seier finansrådgjevar Hasse B. Annaniassen til Nh.

I dei nye lokala jobbar det i dag fire på eigedomsavdelinga, seks i banken, to på Små- og mellomstore bedrifter (SMB), samt ein i skranken.

Inviterte gjestar frå fjern og nær var til stades i samband med opninga, mellom desse Lindås-ordførar Astrid Aarhus Byrknes, som nytta høvet til å opplysa om at Lindås kommune har vald nettopp DNB Nor som sitt nye bank-samband.

Gåver til Kvernbit og Knarvik

På plass i Knarvik denne dagen var også representantar frå Sparebankstiftelsen DNB Nor. Med



INYE LOKALE: Rolf Selvelid (t.v.) og Hasse B. Annaniassen, begge finansrådgjevarar i DNB Nor Knarvik, kan gle seg over nye lokale med tilhøyrande nattsafe og minibank utanfor (Alle foto: Endre Hopland)

DNB NOR KNARVIK:

- * DNB Nor har samla tenestene sine under eit tak i Knarvik.
- * Det nye kontoret har eit flatemål på 325 kvadrat, samt nattsafe og minibank med kroner og euro.
- * 13 tilsette har arbeidsplassen sin her.

seg hadde dei to fine sjekkar, ein til orienteringsgruppa i Kvernbit IL og ein til Knarvik IL sitt tilbod til dei uorganiserte.

- Tusen takk for denne gåva. Pengane kjem godt med i utviklinga av nytt orienteringskart. Kartet vert brukt av aktive løparar, men også som eit uorganisert tilbod for dei som berre vil ut i skogen, seier Truls Corneliussen



FEKK GÅVER: Truls Corneliussen (t.v.), Bjarne Robbestad og Tore Andersen frå Kvernbit IL og Knarvik IL fekk gåver frå Sparebankstiftelsen DNB Nor.



SPELTE: Anne Hvidsten underholdt i samband med opninga av nye lokale.

og Bjarne Robbestad i Kvernbit. Også Tore Andersen i Knarvik

IL uttrykte stor takk for gåva, som skal gå til innkjøp av kanoar

og utstyr som kven som helst kan få låna gratis.

Viser «Amerikabrevet» på Sletta

RADØY: Dokumentarfilmen «Amerikabrevet» blir vist på Utvandringfestivalen på Sletta i dag.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland

Svekon Film har laga den 40 minuttar lange filmen som fortel ei historie basert på utdrag av brev frå dei som utvandra frå Norge til Amerika i perioden 1824-1900.

Amerikabreva vart flittig lese.

- Dei gjekk frå hand til hand - og vart også trykt i avisene. Dei skapte ein draum i folket vårt og spora stadig fleire til å forlata heimlandet, fortel Karin, Sverre og Kristin Sandberg, som har laga filmen. Breva handla om folk si strabasiose reise mot det ukjende, og kvardagen deira med rydding av ny jord og med nye hjelpemiddel. Dei skreiv om eit samfunn der grunnlova sine prinsipp om like-

verd og fridom var nedfelt i praksis. Det hadde sterk innverknad når Ola skreiv heim;

«Jeg har ingenlunde angret min Beslutning at forlate Norge. Her i Red River Valley, er vi kommet til Kaanans Land».

Samtidig er det eit faktum at utvandringa splitta familiar. Dei som tok farvel med barna sine på brygga, rekna neppe nokon gong å få sjå dei att. Over ein million nordmenn drog til Amerika.



AMERIKABREVET: Karin, Sverre og Kristin Sandberg i Svekon Film har laga dokumentarfilmen «Amerikabrevet», som blir vist idag kl.14.00 på Sletta.